

## Hovland (gnr. 113)

Hovland: Namn som truleg viser til eit jordstykke som hørde til hovet, gudehuset, eller som hovet låg på.

Av andre minne om manns ferd her på Hovland er elles fleire fornminne frå eldre /og/eller nyare jernalder. Her er såleis funne til ulike tider: eit fortids plogjarn av jern, eit fortids ljåblad av jern og ein handledsring av bronse tidfesta til vikingetida.

I skrivne kjelder finn vi garden ført i rekneskapet for Bygningsskatten 1594. Namnet er der skrive ”Hoffland”, og garden er ført i gruppa for ”Hallfue gaarde” som oftast var halvstore gardar. Da Hoffland i 1604 svara den ekstra utreidsla av tiendekorn, var utreidsla frå Hovland 1½ tønne som frå grannegardane Nygard og Sæter. Sju år seinare er det i 1611 fortalt at oppsittaren på Hovland da heitte Iver. Same Iver Hovland var og brukar på garden i 1621, men ein merker seg at ”Hoffland” da er ført i gruppa for ”Ødegaarder”. Av særslig interesse er her elles ei opplysning i Odelsmandtallet for 1615. Der er det nemleg tydeleg fortalt at ”Hoffland” av skyld 1 hud da hørde med til Ingebore Øres odel saman med 2 skinn i Quall m.m. Men 9 år seinare var det i 1624 Goen Hoffland som hadde tatt over og var eigar og brukar av 1 hud odelsgods med bygsel i ”Hoffland”. Goen Hovland var framleis brukar av garden også i 1657, og det er da opplyst at buskapen hans der på ”Hoffland” da var: 1 hest, 2 hopper, 14 naut, 12 geiter, 13 sauер og 2 griser, tilsm. 43 dyr, og det var da husdyrhald som på ein fullgard.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er gardnamnet det her gjeld framleis skrive ”Hoffland”, og oppsittaren der heitte da Peder. Den samla landskyld av garden var da 1½ hud, og av dette åtte oppsittaren sjølv (altså Peder) 1 hud, men resten tilhørde Fåberg prestebombed. Buskapen av store husdyr på Hovland var da 3 hestar og 16 naut, og korntienda vart utreidd med 1 7/8 tønne, som altså svara til ei årsavling på kring 18-19 tønner. Vidare er det da om garden fortalt at innmarka der var god, og at meir kunne dyrkast. Det var skog nok til gards bruk, og Hovland hadde alt da sæter og sommarbeite for krøtera på ”Sueesetter”, Svesetra.

Av år 1674 er elles ei opplysande sak som etter utskrift av tingboka er sålydande:

”Hovland i Fåberg.

Fåberg 14. oktb. 1674.

Johannes Goensen, boende på Hofland, har af sin søster Kari Goensdtr. med hennes formynder Niels Nygaard samtykke, kjøpt 4 skind gods i Hofland som hun har arvet etter sin far, for 24 rd. Dat. 8. okt. 1674”

Av 23 år seinare er ei opplysande sak av 1697, som her er av serleg interesse, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Fiskevannet ”Sionne”, (Sjogen).

Mellum i Fåberg 25. juni 1697.

Bøxerseddel hvorved (sogneprest i Fåberg) hr. Johan Rosing tilbøksler sig av Kgl. Mayts. Foged på Kongens vegne, et fiskevann kaldet ”Sjonne” beliggende i Kongens alminding tilfjelds. Dat. 21. mai 1697.”

Etter atter 8 år er vidare fortalt at i 1705 var husbonden Johannes Goensen Hofland død, og det var dødsbuskifte på ”Hofland i Fåberg”. Det går vidare tydeleg fram at jordegodset Hovland av skyld 1 hud var medregistrert i arvebuet, som dermed utgjorde netto 130 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Aase Gullichsdtr. dei 6 døtrene i ekteskapet, og dei var:

1. Goro, 2. Ingebore, 3. Kirstie, 4. Mallene, 5. Birgitte, 6. Mari. Av 1718 er elles ei sak som tydeleg fortel at det også var ein bror i søskjenflokken, nemleg Goen Johannessen, som i 1718 fekk søskenskjøte på farsgarden Hofland.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Hofland” vidare oppgitt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten der er god ”dog noget vaad og koldlent”. Buskpen på Hovland var da 3 hestar, 20 naut og 16 sauher, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 5 tønner. Det går elles fram at Hovland da hadde eiga kvern, kvernbru, og at det til garden alt da var to husmannsplassar med brukande jord. Oppsittar på Hovland i den tid var Goen Johannessen, og det går tydeleg fram at han sjølv var eigar av jordegods til 1 hud landskyld i garden, og at jordegods i Hovland til 6 skinn ell.  $\frac{1}{2}$  hud framleis låg til Fåberg presteombod.

Goen Hovland var framleis brukar av garden også i 1730. Han og Peder Kindlien hadde da fått Kongl. Bøxelseddel på fiskevatnet Sjøen eller Sjogen, men dette vekte ikkje så liten strid. Striden var framleis aktuell i 1732, og om det fortel ei utskrift av tingboka slik:

”Fåberg 12. juni 1732.

Arne Rindal har innstevnt Ole Gilleberg , Niels Gilleberg og Svend Stefanstuen samt Ole Christensen Setter og Jens Goensen Hofland, Ole Olsen Traaset og Christen Thommassen m.fl. til å vidne om hva de har sett vedk. to åfløyer som citanten har satt i vannet Sjøen for å fløte brenneved, tømmer og deslike, som han behøver til sin seter. Åfløyene har han funnet ruineret og sørderhugne og den ene sunket. Til at påhøre disse vidner har han stevnet Goen Hofland og Peder Kindlien, som har bøkslet Sjøen fiskevand.

De innstevnte vidner forklarte at det for tre år siden var funnet en åfløy sørderhugget og nedsenket med sten i vannet Sjøen. En annen åfløy var hugget i stykker og spolert og veltet ved Arne Rindals Liu.

Efter citantens begjæring beror saken til neste ting.”

Same året fekk elles Goen Hofland og Peder Kindlien tinglyst ny bygselseddel på fiskevannet Sjøen av skyld 3 skinn for 1 rd. 24 s. i bygselspenger.

Meir om slekta på ”Hovland i Faaberg” går fram av eit dødsbuskifte der i 1742. Den døde der var da husfrua Rønnaug Jensdtr., og arvebuet med jordegodset Hovland medregistrert utgjorde da brutto 467 rd. og netto 450 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Goen Johannessen dei 5 borna i ekteskapet. Dei var:

1. Johannes, 22 år, 2. Jens, 13½ år, 3. Aase g.m. Gunder Torgersen Iverslien i Uggedalen, 4. Sidsil, 19 år, 5. Marie, 17 år.

Samtidig med skiftet fekk så eldste sonen Johannes Goensen skjøte på farsgarden Hovland av skyld 1 hud for kjøpesum 140 rd. Johannes Goensen f. 1721 gifta seg i 1742 med Ingeborg Hansdtr. Ulland, og dei fekk også 5 born, nemleg: a. Goen f 1743, b. Marie f. 1745, c. Anne f. 1749, d. Ingrid f. 1758, e. Sigri f. 1761.

Frå Johannes Hovland si brukartid er ei sak av 1748, som etter utskrift av tingboka skal vera referert slik:

Avirke- og eiendomssak.

”13. aug. 1748.

Erich Onsum og Simon Lundgaard har innstevnt Johannes Hoveland for et av ham begått åvirke her i lien m.v.

Parterne ble tilslutt således forlikt:

1. Johannes Hovland fandt etter vidernes forklaring at han ved sitt åvirke har gått forvidt ved å gå over Korsåsen og lover herefter å holde Korsåsen som skille mellom Saxumdalens og citanternes gårde.
2. Den på hin side Korsåsen over Hovland for nogen aar siden pålagte Haffelde tilintetgjøres, hvorimot Johannes Hovland og hans nuværende konsort Christen Nygaard skal innhegne sig en hjemhage nedenfor etter fastsatte merker. Ovenfor denne innhegning er fellesmark like opp til Korsåsen.

Johannes Hovland betaler omk. til citanerne med 8 rd.”

Av same året, altså 1748, er også ein bygselseddelen som her er av stor interesse, og som etter panteboka skal ha denne ordlyden:

”Hovland.

Bøxelseddelen dat. 10. juni 1748 tgl. 13. juni s.å.

Niels Stochflet, sognekloster til Fåberg prestegjeld, bøxler til Johannes Goensen Hovland  $\frac{1}{2}$  hundre i Hovland i Saxumdalens beliggende Præste Torpet kaldet, og Fåberg Presteboel tilliggende med alt tilliggende, mot at han svarer kongl. Skatter og rettigheter og erlegger til sogneklosteren de hidtil årlig betalte sedvanlige rettigheter i et og alt.”

Ein merker seg at den parsell av Hovland som det her gjeld, og som fleire gonger før her har vore omhandla, her er kalla ”Præste Torpet”, der ordet Torpet sikkert har den da vanlege tydinga: eit mindre jordbruk.

I år 1751 er ein husmannsplass ved Hovland omhandla. Herredsprost Niels Stochfleet gav da bygselseddelen til Ole Larsen og hustru Anne Jensdtr. på ”en til prestebølets gaard Hovland tilliggende husmandsplads Beckemellom kaldet mor slig husleie  $2\frac{1}{2}$  rd.” Samtidig gav og præsten bygselseddelen til Ole Wintzenzen og hustru Synnev Olsdtr. ”paa en til prestebølets gaard Hovland tilliggende husmandsplads Jenssveen kaldet mod årlig husleie 4 rd.”

Johannes Goensen var framleis brukar av Hovland i 1757. Han lånte da 300 rd. av Ole Erichsen Nørstelie mot årlig rente 4% og pant i Hovland av skyld 1 hundre. Truleg skulle i allfall ein del av pengane brukast til nybygging eller restaurering av husa på Hovland. Etter dette brukte så Johs. G. Hovland garden vidare til 1773, da han skjøta Hovland av skyld 1 hundre over til eldste sonen Goen Hovland f. 1743 for kjøpesum 500 rd. Samtidig lånte kjøparen Goen Hovland 672 rd. av Arne Lundgaard mot årleg rente 4% og 1. pr. pant i grd. Hovland.

Av same året, altså i 1773, er ei tinglyst kontrakt som etter utskrift av panteboka er sålydande:

”Hovland.

Kontrakt dat. 11. juni 1773 tgl. 8. oktober s.å.

Sesel Christensdatter har opprettet kontrakt med Goen Hovland om at hun hos ham skal bo, og at han skal forsyne henne med nødtørftig spisning, likeså godt som han selv nyder, og når hun dør skal han besørge henne begravet, og da får han hennes etterlatte penge, nemlig 70 rd.”

Goen Hovland f. 1743 hadde elles i 1772 gifta seg med Berit Iversdtr. Fryjordet f. 1746, og dei fekk i 1773 dottera Rønnaug.

Ellevre år seinare var det atter ei rettssak om tømmerhogst på Korsåsen. Saka var fora for fleire tingmøte, og er etter utskrift av tingboka referert slik:

”Fåberg 8. oktb. 1784.

Ole Lundgaard og Guldbrand Onsum har innstevnt Goen Hovland og Christen Nyegaard fordi de i citanernes felles eiendomsskog, Korsaasen, har feldt en anselig del tømmerskog og borttatt det såkaldte Lav eller vedfoder m.v.

De instevnte møtte ikke. Saken beror til i morgen.

Fåberg 9. oktb. 1784.

Innstevnte gives laugdag til neste ting.

Fåberg 17. febr. 1785.

Efter Ole Lundgaards erklæring blev saken opphevet som forlikt.”

Her tek vi elles med etter utskrift også denne saka:

Fåberg 16. febr. 1785.

Lagrettet og almuen svarte på fogdens forespørslar:

At de ikke vet at der finnes nogen Kongealminding i dette prestegjeld. At de vet ikke at der i private skogeiendommer eller bygdealmindinger, så som ytre Vingrumslien, Saxumdalensli, Fjellryggen mellom Vingrum, Strandens, Baklens og Saxumdalens, kjølen eller aasen imellom fjerdingerne Rudsbypgden og Backerne, Scovlien og aasen på den østre side av nordre og søndre Aalsfjerdingen, er hugget noget til uplikt.” (som tyder: meir enn det som er rett og gangleg) A.H.

Goen Johannessen f. 1743 brukte Hovland til i 1789, da han skjøta farsgarden over til svigersonen Bent Christensen Nygard, som i 1789 hadde gifta seg med Rønnaug Goensdtr. Hovland f. 1773. Ein merker seg elles at ved denne handelen hadde kjøpesummen for garden stige til 850 rd.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 6 familiar på Hovland. Dei var:

1. familie: 1. Bent Christensen, husbonden, 46 år.

2. Rønnaug Goensdtr. kona hans, 28 år.

3. Christen Bentsen, son deres, 7 år.

4. Goen Bentsen, son deres, 4 år.

5. Berit Bentsdtr., dotter deres, 11 år.

6. Ole Christensen, tenestkar, 43 år.

7. Siver Pedersen, tenestkar, 22 år.

8. Eli Christensdtr., tenestkvinne, 21 år.

2. familie: 1. Goen Johannessen, føderådsmann, 58 år.

2. Berit Iverdtr., kona hans, 55 år.

3. familie: 1. Niels Erichsen, 80 år, ”Nyder Lægd”  
2. Anne Christensdtr., kona hans, 72 år.
4. familie: 1. Ole Iversen, husmann med jord, 53 år  
2. Siri Jacobsdtr., kona hans, 33 år.  
3. Amund Olsen, son deres, 15 år.  
4. Iver Olsen, son deres, 7 år.  
5. Marit Olsdtr., dotter deres, 1 år
5. familie: 1. Peder Christensen, husmann med jord, 47 år  
2. Kari Thordsdtr., kona hans, 53 år.  
3. Berit Pedersdtr., dotter deres, 23 år.  
4. Anne Pedersdtr., dotter deres, 10 år.  
5. Peder Olsen, 2 år, ”Pleie Barn”
6. familie: 1. Magnus Olsen, 46 år.  
2. Marit Olsdtr., kona hans, 44 år.  
3. Simen Magnusen, son deres, 14 år.  
4. Ole Magnusen, son deres, 5 år.  
5. Ingebor Magnusdtr., dotter deres, 11 år.

Men husbonden Bent Christensen vart ingen gamal mann. Han døde i 1805 berre 50 år gammal, og det var da etter arveskifte på ”Hovland i Fåberg”. Ved dette skiftet vart garden Hovland taksert til 1000 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1398 rd. og netto 1383 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Rønnaug Goensdtr. dei da 6 borna i ekteskapet. Av dei var sonen Ole Bentsen da 3½ år og sonen Jens ½ år.

Enka Rønnaug Goensdtr. Hovland gifta seg i 1806 oppatt med Amund Amundsen Døsen, og dei fekk i sitt ekteskap 4 born, nemleg:

- a. Amund f. 1807, g. 1833 m. Ingeborg Arnesdtr. Ø. Ulland.
- b. Berte f. 1809, g. 1832 m. Peder Arnesen Ø. Ulland.
- c. Marte f. 1811, g. 1833 m. Simen Larsen Rindal, Sakumdalen.
- d. Eli f. 1814, død 1835

Same året som husfrua Rønnaug Goensdtr. gifta seg oppatt, fekk og den nye husbonden Amund Amundsen bygselseddel fra sokneprest A. Broch på bruken av prestebolts gods Hovland framleis av skyld ½ hud.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegg for Fåberg av 1819. Der er det om ”Hovland” oppgitt at buskapen av store husdyr da var 4 hestar og 28 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 66 tønner. Ein merker seg og at det da var 5 husmannsplassar til Hovland. Husbond i den tid var framleis Amund Amundsen, som same året, altså i 1819, også hadde ordna det slik at det da var synfaring på og takst av ”Hovlands-Sagen”.

Amund Hovland f. Døsen hadde så garden til i 1821, da han skjøta Hovland over til odelsarvingen Christen Bentsen f. 1794, og kjøpesummen for garden var også framleis 1000 rd. Ved dødsbuskiftet etter Amund Amundsen Hovland i 1833 er det elles oppgitt at landskylda av garden da var 11 skinn.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn, fisk og smør elles skifta ut med ei matrikkel skyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 41 Hovland var da vorte delt i 2 gardar, nemleg løpenr. 41 a Hovland av skyld 5 skylddalar 14 skilling, som Amund Amundsen junior da hadde overtatt, og løpenr. 41 b Hovland også av skyld 5 skylddalar 14 skilling.

Ni år seinare fekk i 1847 Amund Amundsen og Jens Bentsen kongl. skjøte på kvar sin halvpart av det benefiserte jordegods Hovland som i så lang ei tid låg til Fåberg prestebod. Etter nye 11 år var det i 1858 skylddelingsforretning på Hovland, og halvparten av husmannsplassen Bekkemellem, Bekkemellem av skyld 1 ort 7 skilling vart fråskilt garden og selt til Amund Simensen for 200 spd.

I samband med folke- og jordbruksstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Hovland opplyst at garden da var delt i 5 gardsbruk, nemleg:

- a. løpenr. 41 a. Hovland med eit jordbruksareal av åker, eng og sæterlykkjer på 272 mål, og der Amund Hovland framleis var oppsittar
- b. løpenr. 41 b. Hovland med eit tilsvarende jordbruksareal på 229 mål, og der Anders Engebretsen Hovland var oppsittar.
- c. Løpenr. 41 Hovland, Jenssveen med eit tilsv. jordbruksareal på ca. 60 mål, og der Peder Jenssveen var oppsittar.
- d. Løpenr. 41 Hovland, Bekkemellom, jordbruksareal 48 mål med Amund Bekkemellom som brukar.
- e. Løpenr. 41 Hovland, Jordet med eit jordbruksareal på 46 mål, som Johan Jordet da var brukar av.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkel skyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Hovland fekk da som sitt nye bruksnummer nr. 113 av samla skyld 17,80 mark, og det var alt da vorte 20 bruksnummer under gardsnr. 113 Hovland. Dei 20 bruksnummene var:

- a. Grn. 113 brn 1 Hovland søndre av skyld 8,28 mark, som Svein Simensen Vedum da var eigar ell. brukar av.
- b. Grn. 113 brn 2 Hovland nordre av skyld 0,54 mark, som Anders Arnesen var eigar ell. brukar av
- c. Grn. 113 brn. 3 Jenssveen av skyld 1,10 mark, oppsittar Ole Pedersen.
- d. Grn. 113 brn. 4 Bekkimellem av skyld 0,68 mark, oppsittar Amund Simensen
- e. Grn. 113 brn. 5 Hovland nordre, av skyld 1,20 mark, oppsittar Johan Larsen
- f. Grn. 113 brn. 6 Nordengen, av skyld 0,11 mark, brukar Ole Pedersen
- g. Grn. 113 brn. 7 Hovland lille, av skyld 0,33 mark, eigar ell brukar Lars Olsen
- h. Grn. 113 brn. 8 Lien skog skyld 0,90 mark, eigar og brukar Mathias Gustum
- i. Grn. 113 brn. 9 Storstøe sæter, 011 mark, eigar ell. brukar Johan Olsen Lybæk
- j. Grn. 113 brn. 10 Innleggingen, skyld 0,02 mark, eigar ell. brukar Ole Kristensen
- k. Grn. 113 brn. 11 Skog av skyld 0,42, eigar Jacob Woxen og Mathias Gustum
- l. Grn. 113 brn. 12 Jenssveen, 0,46 mark, oppsittar Johan Hansen
- m. Grn. 113 brn 13, 14 og 15 Skog. Eigar B. og O. Lundgaard
- n. Grn. 113 brn. 16 Hovland nedre, 0,92 mark, eigar ell brukar Simen Gudmundsen.
- o. Grn. 113. brn. 17 Hovland nordre, 1,24 mark, eigar ell. brukar Simen Gudmundsen.
- p. Grn. 113 brn. 18 Hovland Nysveen, 0,45 mark, eigar ell. brukar Ole Tronsen.

- q. Grn. 113 brn 19 Hovland nordre, 1,03 mark, eigar Fåberg kommune
- r. Grn. 113 brn. 20 Hovland søndre, 0,07 mark, eigar ell. brukar Ole Pedersen Nordengen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var da det skjedd dei skifte at:

brn. 1 Hovland søndre var overtatt av Hans Jenssveen,  
 brn. 2 Hovland nordre av lærar Knut Brekke,  
 brn. 3 Jenssveen av Anders Olsen Indrebø  
 brn. 4 Bekkemellom av G. Simensen Dalby og  
 brn. 5 Hovland nordre var overtatt av Lars Johansen.

G. S. Bekkimellem hadde da tilhandla seg brn. 7 Hovland lille, og vidare hadde J. Enger kjøpt  
 brn. 8 Lien (skog) og Gustumskogenes Interessentskab hadde kjøpt brn. 11 Skog. Dessutan  
 hadde da lærar Knut Brekke tilhandla seg brn. 16 Hovland nedre og brn. 17 Hovland nordre,  
 og J. Hansen Jenssveen hadde kjøpt brn. 18 Nysveen. Dertil kom så 7 nye bruksnummer,  
 nemleg:

Brn. 21 Hovlandslien søndre, skog, som og var selt til Johan Enger. Brn. 22 Hovlandsengen  
 og brn. 23 Storsveen, som og var selt til lærar Knut Brekke. Karoline Saksum hadde kjøpt og  
 bygd på brn. 24 Kirkerud, der det vart telefonsentral og landhandel. Brn. 25 Storsveen nedre  
 vart selt til Amund Simensen og brn. 26 Nervang til Halvor Andersen. Så å seia samtidig  
 kjøpte og Johan Olsen Lybæk brn. 27 Nerjordet av skyld 0,04 mark.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 åtte personar med røysterett på og/eller ved  
 Hovland. Dei var:

1. lærar Knut Brekke, Hovland, 47 år
2. husmor Agnete Brekke f. Saksum, 39 år
3. gardbr. Hans J. Jenssveen, Hovland, 38 år
4. husmor Johanne Olsdtr., kona hans, 35 år
5. gardbr. Lars Johansen, Hovlandsjordet, 41 år
6. husmor Emilie Olsdtr., kona hans, 34 år
7. gardbr. Johan Olsen, Nerjordet, 57 år
8. arbeidar Oluf Mathiasen, Hovlandskalløkken, 47 år

Lærar Knut Brekk f. 1860 var frå Vannylven og var og klokkar i Saksumdalens. Han var mye  
 med i det kommunale liv i Fåberg og var m.a. formann i skolestyre og fattigstyre,  
 varaordførar og formann i det frivillige menighetsråd m.m. Knut Brekke hadde og Kongens  
 fortenestmedalje.

Av handlar i seinare tid med grn. 113 Hovland eller parsellar av garden tek vi her elles med  
 at i 1909 kjøpte Hans Jenssveen grn. 113 brn. 1 Hovland øvre, og same året kjøpte og Ole  
 Grandalen grn. 113 brn. 28 Granberg av skyld 0,48 mark. Knut Brekke tilhandla seg i 1913  
 brn. 23 Storsveen, og året etter kjøpte i 1914 Nils Hammershaug brn. 1 Hovland øvre da av  
 skyld 2,14 mark. Same året altså i 1914 kjøpte og Karl Jacobsen brn. 31 Korsåsen skog og  
 Hovland sæter av skyld 1,70 mark. Fem år seinare overtok i 1919 Fåberg kommune brn. 32  
 Jenssveen sameigeskog, og etter atter fire år kjøpte i 1923 kommunen brn. 33 Gravplass av  
 skyld 0,01 mark. Same året, altså i 1923, overtok og sonen Oddmund Brekke grn. 113 brn.  
 16, 17 Hovland nordre etter faren lærar Knut Brekke. Femten år seinare var det og  
 brukarskifte på grn. 113 brn. 1 Hovland øvre med di Olbjørn Lien da overtok garden etter  
 vermor si, Ane Hammershaug.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939-40 elleve bruksnummer under gardsnummer 113 Hovland med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei elleve gardsbruk var:

- a. Grn. 113, 114 brn. 1, 4 med eit jordbruksareal på ca. 65 mål, som Olbjørn Lien framleis var eigar og brukar av
- b. Grn. 113, brn. 3 Jenssveen med eit jordbruksareal på ca. 25 mål, som Johannes Jenssveen var eigar og brukar av
- c. Grn. 113 brn. 4, 7 Bekkemellem, jordbruksareal ca. 40 mål, eigar og brukar Gustav Bekkemellem
- d. Grn. 113 brn. 10 Øversveen, jordbruksareal ca. 15 mål, eigar og brukar Petter Øversveen.
- e. Grn. 113 brn. 12, 18 Jenssveen, jorbruksareal ca. 35 mål, eigar og brukar Olaf Nordengen
- f. Grn. 113 brn. 16, 17, 22, 23 Hovland nordre, jordbruksareal ca. 70 mål, eigar og brukar Oddmund Brekke
- g. Grn. 113 brn. 19 Saksumdal skulejord, jordbruksareal ca. 15 mål, eigar Fåberg kommune, brukar lærar Nils Ladegård.
- h. Grn. 113 brn. 25 Storsveen, jordbruksareal ca. 30 mål, eigar og brukar Ida Storsveen
- i. Grn. 113 brn. 26 Nervang, jordbruksareal ca. 22 mål, eigar og brukar Nils Nervang.
- j. Grn. 113 brn. 28 Granberg, jordbruksareal ca. 30 mål, eigar og brukar Johs. Granbeg
- k. Grn. 113 brn. 6 Nordengen, jordbruksareal ca. 16 mål, eigar og brukar Simen Brenden.